



Elevane frå 1 - 4. klasse koste seg på Grøntgrasbanen og i leikeapparata.

Etter seks veker med heimeundervisning, lukka campingplass, stengd båthamn og avgrensa fritidstilbod, går det forsiktig mot meir normale tider. Bygda vaknar til liv. Båt- og campinggjestene er på plass. Hytte- og fritidsbustadene er tekne i bruk. Vel 50 elevar på 1. til 4. klasse starta skuledagen i går, måndag 27. april.

Med forsiktig opning av Rabben Feriesenter strøymde faste og forbireisande gjester til Uskedalen. Mange nytta høve til reingjering og klargjering av hytter og vogner før sommaren tek til. Dagleig leiar, Magne L. Heggøy, er godt nøgd med utviklinga. Han bed gjestene visa varsemd og halda seg til smittevernreglane.



Bubilturistar og faste gjester fann vegen tilbake til Uskedalen i helga.

I båthamna dukka det opp båtgjester. Den fyrste segbåten på ankringsplassen på Stølavikjo var på plass. Toalett- og sanitærbygget er ikkje ope, men det skjer straks smittefaren er redusert. Aktivitetshuset er heller ikkje ope. Dametrimmen med Janne Guddal som leiar har trent i grupper ute.



Dei fyrste båtgestene var på plass i båthamna.

Kyrkjekoret Nordsaang har starta sine øvingar, men i grupper, både på Valen og i Uskedalen. Uskedal musikklag førebur forsiktig oppstart med øving ute. Røysterett for Alle ventar med sin oppstart til så lenge. Rustne Menn med berre tre medlemmer har alt hatt to øvingar.

I fint ver har mange funne vegen til fjells. Det er synleg på startpunkta for merka fjellturar i Uskedalen. Det har vore mykje bil parkerte på Sørstølen ved Vassverket (Eik), ved Elins Matgleder v/ Kapteinsgården, på

Haugland, Kjærland, Friheim/Fjellandsbø og ikkje minst ved Kalkstasjonen. Uskedalen er ein populær plass for fjellturar og det er trong for betre skilting og merka parkering. Ulvanoso er det mest ettertrakta fjellområde på denne tid, både med oppmarsj frå Uskedalen og i Tveitedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Astrid Magnussen Børve/ Kristian Bringedal



Mykje bil på startpunt for fjellturar i Uskedalen syner den store interessa for friluftsliv.